



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
03.07.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/8839 731.2  
Dykkar referanse

Likelydande til:

Kommunane i Hordaland  
Helse Bergen HF  
Helse Fonna HF  
Haraldsplass Diakonale Sykehus  
Hospitalet Betanien

### **Ber om tilbakemelding - turnusplassar for fysioterapeutar 15. august 2017 – 14. august 2018**

Ver venleg å informere rette vedkomande om denne førespurnaden.

Turnusåret 15. august 2017 – 14. august 2018 er det i følgje førebelse tal frå Norges teknisk-vitenskaplige universitet og Høgskolen i Bergen 144 som skal ha turnusteneste frå 15. august 2017. Plassar til fysioterapeutar med utdanning frå utlandet og nokre som har utsett delar av turnustenesta kjem i tillegg.

Innan 1. november 2016 ber vi om tilbakemelding om kor mange turnusfysioterapeutar som de kan ta imot. Vi ber også om å få opplyst om de har faglege føresetnader for å ta imot fleire.

#### **Tilbakemelding om turnusplassar**

Vi ber om å få opplyst

- kor mange turnuskandidatar kvar kommune og sjukehus/helseinstitusjon kan ta imot kvart halvår
- postadresse, e-postadresse og telefonnummer til kvar turnusstad
- namn på kontaktperson/rettleiar for turnuskandidat, e-postadresse og telefonnummer til vedkomande

Vi ber om at helseføretaka koordinerer innsamling av opplysningane frå verksemdene i føretaket.

Ver venleg å bruke vedlagte skjema ved tilbakemelding og send opplysningane til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no)

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Mona Fauskanger  
førstekonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*